

Kvartalsrapport
pr. 31.03.2017

KVARTALSRAPPORT PR. 31.03.2017

Resultat

Banken har pr. første kvartal 2017 oppnådd ein rentenetto på 13,9 mill. kr. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,73 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen 13,1 mill. kr og i prosent av gfk 1,70 %. Rentenetto i kr. har auka med 0,9 mill. kr siste året. Årsaka til dette er først og fremst volumauke på utlåsssida. Rentenetto i prosent har auka med 0,03 %. Dette fordi utlån sin del av balansen har auka samanlikna med 31.03.2016. Pr. 31.03.2017 utgjorde gjennomsnittleg utlån 83,5 % av gjennomsnittleg balanse. Pr. 31.03.2016 var same tal 80,8 %. Luster Sparebank har plassert likviditetsporteføljen i rentefond. Avkastning på rentefond blir i rekneskapet klassifisert som utbytte. Dette bør ein vere klar over ved samanlikning av rentenetto i Luster Sparebank med rentenetto i andre bankar.

Netto andre driftsinntekter har gått ned med kr 0,3 mill. i forhold til same tidspunkt i fjor.

Det er to årsaker til reduksjonen. Utbytte er lågare enn i fjor. To av Luster Sparebank sine rentefond har hatt ei svak utvikling så langt i 2017. Rentefonda har eksponering mot Europa. Den politiske uvisse rundt presidentvalget i Frankrike har redusert avkastninga. Første runde av presidentvalget vart avvikla 23.04.2017. Marknaden var fornøgd med utfallet og fonda har teke inn att mykje av det tapte.

Provisjonsinntekter er lågare enn i fjor. Første kvartal 2016 vart det inntektsført ekstrabonus frå Frende I samband med skadeforsikringssal. Denne har vi ikkje i 2017.

Sum driftskostnader har auka med kr 0,3 mill. i forhold første kvartal 2016. Det er personalkostnader som har auka. Årsaka er lønstillegg og den nye finansskatten som blir klassifisert som ein personalkostnad.

Driftsresultat før tap er på 7,7 mill. kroner som er ei forbetring med kr 0,3 mill. samanlikna med 31.03.2016 då driftsresultat før tap var på kr 7,4 mill. kr.

Tap på utlån og garantiar er berekna til kr 1,4 mill. Første kvartal 2016 vart tap berekna til kr 0,5 mill. Etter skatt blir resultat for perioden kr 4,7 mill. mot kr 5,2 mill. på same tidspunkt i fjor.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 31.03.2017 var på kr 3.302,8 mill. Veksten siste året er på kr 176,6 mill. (5,7 %). Forretningskapital som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 31.03.2017 på kr 3.813,6 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 244,5 mill. eller 6,9 %.

Utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 2.726,1 mill. Veksten siste året er på kr 193,1 mill. eller 7,6 %. Utanfor balansen har banken pr. 31.03.2017 overført kr 510,8 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 442,9 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed siste året auka med kr 261 mill. eller 8,64 %. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 31.03.17 var fordelt med 25,5 % på næring og 74,5 % på personmarknad og offentleg sektor.

Innskot frå kundar er bokført med kr 2.372,6 mill. Veksten siste året er på kr 94,7 mill. eller 4,2 %.

Banken har langsiktig lånt inn kr 175 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har uteståande obligasjonar for kr 309,6 mill. Låneavtalane har restløpetid på mellom 1 måned og 4 år. Bankens innskotsdekning er 87 %. I dette nøkkeltalet er lån overført til bustadkreditselskap halde utanfor.

Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette lån utgjer kr 22,7 mill. kr. pr. 31.03.2017. Dette er ein nedgang på kr 15,3 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har auka med 1,1 mill. kr siste år.

Nedskrivning på grupper har auka og nedskrivning på enkeltengasjement har gått ned samanlikna med same tidspunkt i fjor.

Kapitaldekning

Ved utgangen av første kvartal 2017 er banken sin kapitaldekning berekna til å vere på 20,10 % som er likt same tidspunkt som i fjor. Bankens ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Perioderesultat så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapet ikkje er revidert. Dersom bankens resultat pr. 31.03.2017 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 20,36 %

Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank sitt resultatrekneskap er godt. Likviditeten er god. Bankens har god kapitaldekning. Utlånsveksten inkludert lån overført til Verd Boligkreditt AS er for dei første 3 månadane av 2017 på 0,22 %. Ein ligg under målsetnaden på 6 % utlånsvekst for året under eitt. Utanom om dette er utviklinga tilfredstillande.

Gaupne, 28.04.2017

Styret for Luster Sparebank



Bjarne Venjum
styreleiar


Anette Stegegjerdet Norberg


Ove Nyland


Inge Teigen


Randi Kristin Bugge


Oddstein Haugen
banksjef

LUSTER SPAREBANK

RESULTATREKNESKAP (1.000 KR)	31.03.17	% av GFK	31.03.16	% av GFK	31.12.16	% av GFK
Rente og kred.prov. utlån	21.931	2,72	20.840	2,70	84.145	2,66
Renteinntekter verdipapir og andre	322	0,04	573	0,07	2.056	0,07
Sum rente og kred./prov. inntekter	22.253	2,76	21.413	2,78	86.201	2,73
Rentekostnader kundar	6.056	0,75	6.236	0,81	21.281	0,67
Rentekostnader likviditet	2.263	0,28	2.111	0,27	9.409	0,30
Sum rentekostnader	8.319	1,03	8.347	1,08	30.690	0,97
Netto rente- og kredittprov.	13.934	1,73	13.066	1,70	55.511	1,76
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	411	0,05	860	0,11	7.744	0,25
Provisjons- og gebyrinntekter	2.773	0,34	3.019	0,39	12.721	0,40
Provisjons- og gebyrkostnader	-361	-0,04	-419	-0,05	-1.636	-0,05
Netto vinst/tap verdipapir	79	0,01	-264	-0,03	-220	-0,01
Netto vinst/tap valuta	60	0,01	50	0,01	350	0,01
Andre driftsinntekter	312	0,04	306	0,04	1.235	0,04
Netto andre driftsinntekter	3.274	0,41	3.552	0,46	20.194	0,64
Personalkostnader	4.896	0,61	4.452	0,58	16.817	0,53
Andre administrasjonskostnader	2.873	0,36	3.041	0,39	12.378	0,39
Ordinære avskrivningar	649	0,08	650	0,08	2.302	0,07
Andre driftskostnader	1.121	0,14	1.078	0,14	3.661	0,12
Sum driftskostnader	9.539	1,18	9.221	1,20	35.158	1,11
Driftsresultat før tap og gevinst/tap og nedskrivning/reversering på verdipapir som er anleggsmiddel	7.669	0,95	7.397	0,96	40.547	1,28
Tap på utlån, garantiar m.v.	1.367	0,17	458	0,06	2.229	0,07
Netto tap/vinst anleggsaksjar		0,00	0	0,00	0	0,00
Resultat før skatt	6.303	0,78	6.939	0,90	38.318	1,21
Skatt på ordinær drift	1.576	0,20	1.735	0,23	8.619	0,27
Resultat for perioden	4.727	0,59	5.204	0,68	29.699	0,94

**BALANSE
(1.000 KR)**

EIGENDELAR	31.03.17	31.03.16	31.12.16
Kontantar og innskot i Norges Bank	44.130	174.234	47.616
Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar	234.586	44.194	141.477
Utlån til kundar	2.726.647	2.533.571	2.715.131
Tapsavsetjingar	-23.163	-22.070	-23.005
Sertifikater, obligasj. o. a. rentebærende verdipapir	12.800	32.628	12.800
Aksjar o.a. verdipapir med variabel avkastning	261.274	316.089	310.778
Utsett skattefordel	4.943	4.760	4.943
Driftsmidler	6.726	8.832	7.199
Andre fordringar	10.001	25.851	18.837
Forskotsbet. og opptente inntekter	24.876	8.142	6.170
SUM EIGENDELAR	3.302.820	3.126.231	3.241.946

GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	175.000	185.000	175.000
Innskot frå kundar	2.372.149	2.277.496	2.380.398
Obligasjonslån	309.590	249.365	249.594
Anna gjeld	27.083	19.021	14.808
Skatt	1.575	5.855	9.450
Pensjonsforpliktingar	13.035	11.327	13.035
Sparebankens fond og gåvefond	399.661	372.963	399.661
Resultat for perioden	4.727	5.204	
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	3.302.820	3.126.231	3.241.946

Garantiansvar	33.205	27.130	29.501
Pantsetjingar	50.331	15.000	50.331
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	510.806	442.853	515.190

Note 1 Tap på utlån og garantiar

(tal i heile 1.000)	31.03.17	31.03.16	31.12.16
Endring individuelle tapsnedskr. inkl amortisering	395	1.098	-1.931
Endring i nedskrivning på grupper av lån	-100	-600	3.800
Konstaterte tap i perioden med tidlegare nedskrivning	367	0	477
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare nedskrivning	718	29	31
Inngang på tidligare konstaterte tap	-13	-69	-148
Netto tap på utlån og garantiar i perioden	1.367	458	2.229

Note 2 Misleghald

(tal i heile 1.000)	31.03.17	31.03.16	31.12.16
Engasjement der inntektsføring av renter er stoppa	26.826	28.700	25.252
Misleghaldne engasjement > 90 dager	22.708	38.066	18.955
- individuelle tapsnedskrivningar på desse	-4.319	-6.656	-4.090
- avsetnad amortisering på desse	-253	-647	-159
- attendeførte kapitaliserte renter på desse	-1.470	-1.407	-2.113
Netto misleghaldne lån etter nedskrivning og amortisering	16.666	29.356	12.593
Tapsutsette engasjement med individuelle nedskrivninger	7.170	3.817	7.222
- spesifiserte tapsavsetjingar på desse	-957	-1.501	-983
- amortisering av tapsmerka	-135	-67	-173
- attendeførte kapitaliserte renter på desse	0	-2	0
Netto ikkje misleghaldne eng. m/spes tapsavsetjing	6.078	2.247	6.066

Note 3 Nedskrivning på grupper

(tal i heile 1.000)	31.03.17	31.03.16	31.12.16
Nedskrivning på grupper	17.500	13.200	17.600

Note 4 Ansvarleg kapital og kapitalkrav

(tal i heile 1.000)	31.03.17	31.03.16	31.12.16
Sparebankenes fond	382.761	357.863	382.761
Gåvefond	16.900	15.100	16.900
-Fradrag	-26.484	-14.206	-18.864
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	373.177	358.757	380.797

Engasjementskategoriar (vekta beløp)

Stater og sentralbanker		0	0
Lokale og regionale myndigheter (herunder kommuner)	17.624	17.732	17.610
Offentleg eigde foretak	3.897	0	9.082
Institusjoner	46.445	37.288	29.050
Foretak	103.857	114.608	103.637
Engasjementer med pantesikkerhet i eiendom	1.364.390	1.297.145	1.350.124
Forfalte engasjementer	32.654	40.893	26.613
Obligasjoner med fortrinnsrett	4.869	281	5.022
Andeler i verdipapirfond	20.813	41.142	42.047
Egenkapitalposisjoner	76.571	59.906	73.150
Øvrige engasjementer	52.529	48.580	54.273
Berekningsgrunnlag kredittrisiko	1.723.649	1.657.575	1.710.608

Berekningsgrunnlag operasjonell risiko

132.834	126.904	132.834
----------------	----------------	----------------

Sum berekningsgrunnlag

1.856.483	1.784.479	1.843.442
------------------	------------------	------------------

Kapitaldekning**Rein kjernekapital i % av sum berekningsgrunnlag**

20,10 %	20,10 %	20,66 %
----------------	----------------	----------------

Krav til kapital

Minimumskrav til ansvarleg kapital 8 % av sum berekningsgrunnlag

148.519	142.758	147.475
---------	---------	---------

Ansvarleg kapital

373.177	358.757	380.797
---------	---------	---------

Overskot av ansvarleg kapital

224.658	215.999	233.322
----------------	----------------	----------------

Herav rein kjernekapital som kan dekke bufferkrav

224.658	215.999	233.322
----------------	----------------	----------------

Bufferkrav

Bevaringsbuffer 2,5 %

46.412	44.612	46.086
--------	--------	--------

Systemrisikobuffer 3 %

55.694	53.534	55.303
--------	--------	--------

Motsyklisk buffer 1,5 % frå 30.06.2016, 1 % før dette tidspunkt

27.847	17.845	27.652
--------	--------	--------

Sum bufferkrav

129.954	115.991	129.041
----------------	----------------	----------------

Overskot rein kjernekapital

94.705	100.008	104.281
---------------	----------------	----------------

Note 5 Likviditet

31.03.17	31.03.16	31.12.16
-----------------	-----------------	-----------------

Liquidity Coverage Ratio (LCR)

101,0 %	188,0 %	128,0 %
---------	---------	---------